



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato 09.05.2018
Møtetid: Kl. 12:30 - 13:45
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer som møtte:

Solveig Vassenden
Solveig Sjursen
Oddbjørg Hisdal
Bjørn Solvang

Desse medlemmene møtte ikkje:

Gunnar Bruvik (Frp)

Varamedlemmer som møtte:

Ingen

Andre som var til stades på møtet:

- Rådgjevar Jan Erik Boge
- Leiar kulturavdeling Meline Heimdal Haugland (under orientering om Den kulturelle spaserstokken, Samningaveko og Frivilligsentralen)
- Frivilligkoordinator Karina Liøen Frøland (under orientering om Den kulturelle spaserstokken, Samningaveko og Frivilligsentralen)
- Sektorleiar helse og omsorg Grete Lill Hjartnes (under orientering om velferdsteknologi og hjelpemidlar)

Møtleiar:	Vassenden, Solveig
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 10.05.2018

Vassenden, Solveig

Boge, Jan Erik
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2018	18/339	Faste saker	

SAKNR. 001/2018: Faste saker

09.05.2018 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Dei fleste medlemmene i eldrerådet fekk innkallinga for seint, berre 1-2 dagar før møtet. Det vart òg påpeika på førre møte i eldrerådet at eldrerådet ønskjer å få innkallinga tidlegare. Dei fleste medlemmene ønskjer å få innkallinga på papir i posten.

Solveig Sjurson viste til protokollen frå førre møte i eldrerådet, og etterlyste informasjonssak om vassmålarar på saklista for møtet 09.05.2018. Eldrerådet bad om å få informasjon om vassmålarar på neste møte, som er 04.09.2018.

Med desse merknadane vart møteinnkallinga og saklista godkjent.

Orienteringssaker:

Den kulturelle spaserstokken

Leiar for kulturavdelinga, Meline Heimdal Haugland, orienterte. Kommunen har i alt fått 40.000 kroner i tilskot til Den kulturelle spaserstokken til bruk i 2018. Av desse midlane disponerer eldrerådet totalt 13.332 kroner, som i utgangspunktet skal brukast til 2 kulturhendingar/arrangement i 2018. Midlane kan berre brukast til kunst- og kulturformidling, for eksempel innleige av musistarar. Solveig Vassenden orienterte om korleis midlane som eldrerådet disponerer er planlagt brukt i 2018 (innleige av musistarar til Pensjonisttreff 25.05.2018 og Eldredagen 01.10.2018).

Samningaveko 2018

Leiar for kulturavdelinga, Meline Heimdal Haugland, orienterte. Samningaveko varer frå første til andre laurdagen i juni, og startar med Tyssedagane 02. og 03.06.2018 og varer til laurdag 09.06.2018. Samnangerveko blir arrangert av kommunen i samarbeid med lag/organisasjonar og lokalt næringsliv. Det er diverse arrangement/tilbod i løpet av veka, og Meline Heimdal Haugland viste ein plakat med heile programmet. Dette er det andre året Samningaveko blir arrangert, men kommunen håpar dette blir eit årleg arrangement/ein tradisjon.

Frivilligsentralen

Karina Liøen Frøland orienterte. Ho er tilsett i 50% stilling som frivilligkoordinator og arbeider 2 dagar ei veke (tysdag og torsdag) og 3 dagar ei veke (tysdag, torsdag og fredag). Ho har kontor i biblioteket på Bjørkheim. Frivilligsentralen er i ein oppstartfase, men nokre tilbod er allereie kome litt i gang (språkcafé, handarbeidstreff). I sommar vil frivilligsentralen koordinera "UngJobb", som går på å formidla kontakt mellom ungdommar som ønskjer sommarjobb og innbyggjarar som treng hjelp til for eksempel hagearbeid. Andre tilbod som frivilligsentralen vil prøva å få etablert er mellom anna "enkle vaktmeistertjenester", "utstyrsbank for barn og unge" og "frivilligcafé".

Frivilligsentralen har fokus på at aktivitetar/tilbod skal vera gratis. Frivilligsentralen har ei ressursgruppe med frivillige, men har bruk for endå fleire frivillige. Karina Liøen Frøland har besøkt andre frivilligsentralar og har mange idèar om tilbod/aktivitetar i Samnanger. Det vil truleg bli litt "prøving og feiling" no i oppstartfasen, for å finna ut kva tilbod/aktivitetar som går bra i Samnanger. Solveig Sjurson viste til at frivilligsentralen i Arna har tilbod om skyss til og frå Øyrane Torg nokre dagar, og lurte på om eit tilsvarande tilbod om skyss til og frå Bjørkheim kan vera aktuelt i Samnanger.

Velferdsteknologi

Solveig Vassenden ønska informasjon om status for kommunen sitt arbeid med innføring av velferdsteknologi. Sektorleiar for helse og omsorg, Grete Lill Hjartnes, orienterte om dette. Samnanger har valt å ikkje vera med i eit samarbeidsprosjekt som ein del kommunar i Hordaland er med i (kommunar i Nordhordland + Fusa og Os), men dette betyr ikkje at Samnanger ikkje har fokus på velferdsteknologi. Grete Lill Hjartnes orienterte om at innføringa av velferdsteknologi i Noreg kanskje ikkje har kome så langt som ein kan få inntrykk av i media, men at nokre løysingar allereie er klare for bruk. Eksempel på dette er elektroniske dørlåsar for brukarar av heimetenester (dette ønskjer pleie og omsorg i Samnanger å ta i bruk) og elektronisk medisindispenser for heimebuande. Grete Lill Hjartnes orienterte om at ho i budsjettet for 2019 vil foreslå at det blir oppretta ei lita stilling (ein stillingsressurs) for å planleggja bruk av velferdsteknologi i Samnanger. Ho peika òg på at ei problemstilling knytt til velferdsteknologi er kor mykje "overvaking" heimebuande er villige til å akseptera for å kunne halda fram med å bu heime så lenge som mogleg.

Hjelpemidlar

Ein av medlemmene i eldrerådet hadde spørsmål om korleis ein skal gå fram dersom ein har behov for hjelpemidlar i heimen. Grete Lill Hjartnes orienterte om at kommunen sin kontaktperson i slike saker er kommunefysioterapeut Åse Waage Tveit, som òg er kontaktperson mot Hjelpemiddelsentralen. Dersom ein har spørsmål, kan ein ta kontakt direkte med Åse Waage Tveit. Ein del hjelpemidlar er det òg moglegheit til å kjøpa sjølv, for eksempel hos Enklere Liv.

Utvalet sitt kvarter:

Ingen saker.

ELD- 001/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent, men møteinnkallingar til eldrerådet må i framtida sendast ut tidlegare.

Eldrerådet ber om at det på neste møte blir gitt ei orientering frå sektor for samfunn og utvikling om kva moglegheiter som finst for vassmålarar og evt. innsparing på vasskostnader.

Orienteringssakene i møtet vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.